

Studentmållaget tek form

Oddmund Løkensgard Hoel

«Landets beste ungdom» fylkar seg

Skipingsmøtet

Den 31. oktober 1900 møttest 20 studentar, av dei to kvinner, i Det Medicinske Selskab for å skipa Studentmållaget. Avisene fortel ikkje mykje om møtet, men målavisa *Den 17de Mai* kunngjorde dagen før:

Maallag av studentar. Idag hev me ei god tidend aa melda. Ein flokk studentar vil imorgonkveld kl. 8 ½ koma saman i «det med. selskab» og skipa eit maallag. Dette laget hev vore paatenkt ei tid, og dei hev halde eit par møte til aa fyrebu laget. No er dei komne solangt at dei vil leggja iver. Det vert kanskje ikkje so mange fraa fyrst av; men det vil nok auka paa.¹

Det einaste ein kan lesa av avisa dagen etter er at laget vart skipa, lover vedteke og eit styre valt. Føremålsparagrafen slo fast at «Lage vil samla studentar til arbeid fyr norskdom paa alle leider – framum alt fyr det norske maalet.»² På møtet vart det fyrst samrøystes vedteke å skipa «Student-maallaget».³ Det vart eit langt ordskifte om lovene der det var mest usemje om korleis føremålsparagrafen skulle formulerast, men han vart til slutt samrøystes vedteken. Filologistudenten Leiv Heggstad vart formann og fekk med seg Haakon Wergeland som varaformann og Idar Handagard som rekneskapsfører. 20 lagsmenn vart innskrivne, mellom anna dei to jentene, «og me var meir enn nøgde me utfallet». Dermed var Studentmållaget i gang.

Same kvelden som målstudentane hadde den smålatne samlinga for å skipa sitt eige mållag, var det årsmøte i Det Norske Samlaget, sjølv hovudlaget for målreisinga før skipinga av Noregs Mållag 1906. Der vart professor i landsmål sidan 1899, Marius Hægstad, attvald som formann. Dobbeltvalet av far og son

denne oktoberkvelden i 1900 er eit talande uttrykk for det som er eit gjennomgangstema i saga til Studentmållaget: det tette hopehavet mellom Studentmållaget og eliten i målrørsla.

Trass i nære band ser det ut til å ha vore studentane sjølve som tok initiativet til laget og fekk det i gang. Ein så sentral person i målmiljøet i hovudstaden som Halvdan Koht, var imot heile tanken om eit mållag for studentane. Koht meinte at målstudentane heller burde melda seg inn i Studentersamfundet og erobra det.⁴ Det skulle gå eit par tiår før målstudentane kom på slike tankar.

Dei to sentrale studentane bak skipinga var Heggstad og Fredrik Wexelsen. Dei tok båd til med filologistudiane hausten 1897 og kom då raskt til at det trongst eit mållag for studentar. I andre halvdel av 1890-åra tok det til å auka på med mållag kringom i landet, men det fanst framleis ikkje noko eige mållag for hovudstaden, dersom ein då ser bort frå Det Norske Samlaget som i fyrste rekkje dreiv med bokutgjeving og politisk påverknadsarbeid mot Storting og regjering, og Målkassa som arbeidde for å reisa pengar til målarbeidet.

Heggstad og Wexelsen sende i oktober 1897 inn eit opprop til det handskrivne bladet til Studentersamfundet, *Samfundsbladet*, der dei slo på stortromma. Dei bad alle studentar som ville vera med på arbeidet mot den språklege «danskdomen» som har slege seg ned «som ukrut millom folket» og vorte «ein pukkell, ein utvæxt som landet skjemst av», om å møta på hybelen til Wexelsen i



Lappen som Leiv Heggstad og Fredrik Wexelsen hengde opp på Universitetet då dei freista å skipa eit mållag for studentar i 1897.


Rosenborggata om kvelden. No måtte «landets beste ungdom» slutta å sjå på at bondegutane tok heile arbeidet på eiga hand.⁵ Wexelsen har seinare fortalt korleis den strålende ideen vart motteken i Studentersamfundet:

Men me kjende ikkje samfundet og bladstyre; me visste ikkje at ein aldri vert teken i aalvor der, naar ein hev noko paa hjarta. Me sat saa glade den laurdagskvelden og hørde bladstyraren lesa upp stykke vaart og me saag paa kvarandre og tykte det var gildt. Men me var nok tvoeine um den meiningi diverre, for heile samfundsllyden sat i ein gapskratt, og bladstyre gjorde kva det kunde for aa gjera framlegget vaart til laatt. Dei hadde nemleg hekta paa ein 'hale', der dei berre gjorde narr av stykke og dei som hadde skrive det, og samfunde tykte det var 'svinagti vittig'.⁶

Dei gav seg likevel ikkje så lett og sette opp eit oppslag om skipingsmøtet på universitetet. Heggstad og Wexelsen sette seg til på hybelen og venta, og utpå kvelden kom Jon Fagerhol ruslande. Dei vart sitjande å prata ei stund, «og me vart samde um at tidi enno ikkje var komen til aa skipa eit student-maallag; me laut venta nokre aar og halda tanken hjaa os sjølv.»

Det siste greidde dei iallfall, for ingen andre stal ideen og skipa noko Studentmållag før dei to sjølve gjorde det tre år etter. Landets beste ungdom såg ikkje ut til å vera klår for eit mållag, og dei to målstudentane gjorde neppe anna førebuingarbeid enn å skriva oppropet i *Samfundsbladet*. Wexelsen slo sjølv fast at «me var for unge og urøynde – me tok det nok ikkje fraa rette maaten». Dei tok opp tanken til drøfting tidt og ofte og tala med andre om det, men ingen hadde noka tru på at eit slikt tiltak ville gå.

Andre mållag let òg venta på seg i hovudstaden. Dei neste spora ser ein i august 1899 då *Den 17de Mai* fortalde at nokre ungdomar frå austlandsbygdene skipa Oslo Maallag,⁷ men det høyrer ein ikkje meir til før laget vart skipa oppatt i 1912. Grunnen var nok at målfolket heller satsa på Bondeungdomslaget i Oslo




Oppslaget som truleg hang på Universitetet før skipingsmøtet 31. oktober 1900. Lappen levde seinare eit langt liv som kladdepapir bak i ei rekneskapsbok.

– det vart skipa 15. oktober 1899. BUL hadde ein stor og variert aktivitet heilt frå byrjinga og hadde vore i full drift eitt år då studentane prøvde seg att.

Det låg eit heilt anna førebuingsarbeid bak skipinga av Studentmållaget i 1900 enn freistnaden i 1897, trass i den meir smålåtne marknadsføringa i studentmiljøet på førehand. På Vestlandet om sommaren hadde Heggstad vorte kjend med ein ung student, Albert Andersen (seinare Joleik), og dei tre arbeidde vidare med tanken utover hausten. No skulle det gjerast skikkeleg – «me var kloke av skade; me vilde ikkje lysa til møte utan vidare, me vilde fyrst freista aa finna nokre fleire aa tala med um saki, so me kunde verta som ein liten grunnstok naar lage eingong skulde skipast.»⁸ Wexelsen kjende to jenter som gjerne ville vera med, men det var framleis ikkje nok.

Den 11. oktober var det ein stor målfest i Studentersamfundet der landsmålsprofessor Marius Hægstad tala. Programmet var elles revy, song, felespel, stevjing og hallingdans.⁹ Her gjekk Heggstad, Wexelsen og Andersen målretta til verks og «saag etter andre som me kunde tru var maalstudentar».¹⁰ Fyrst fann dei Eivind Tjensvoll som Wexelsen kjende frå før. Så fann dei seg eit bord og skulle til å få seg mat; «daa ser me 2 kadettar som ingen plass hadde fenge. Dette laut vera gode folk, og me spurde dei om dei vilde sitja hjaa oss.» Det var Nikolai Lundegaard og Hans Hjort. «Ja, stutt sagt, daa me skildes, var me samde um at no skulde



Skipingsmøtet var i Medicinske Selskab, og kvitteringa vitnar om at «Studenters Maallaget» gjorde opp for seg. Møta og festane vart gjerne haldne i Medicinske Selskab dei fyrste åra.

me skipa laget.» Etterpå fekk dei med ein kadett til, Wollert Valle, og dei sju møttest så på hybelen til Tjensvoll til førebuingssmøte. Heggstad, Tjensvoll og Wexelsen vart peika ut til å laga utkast til lover, dei sytte for oppslag om møtet på universitetet og notis i *Den 17de Mai*, og til slutt fann dei eit lokale til ein rimeleg penge i Det Medicinske Selskab. Og som me har sett, kan utfallet trygt kallast vellukka.

Noreg i 1900

Den utløysande hendinga som forklarar kvifor Studentmållaget vart skipa nettopp hausten 1900, var nok at Fredrik Wexelsen og Leiv Heggstad kom tilbake til Kristiania for å ta opp att studiane den hausten. Dei var dei to sentrale organisatorane som trongst for å få i gang laget så lenge ingen andre esla seg på oppgåva.

Likevel hadde dei mislukkast tre år før, og dette kan ikkje berre tilskrивast dårleg handverk. Det var eit heilt anna grunnlag for eit slikt mållag i 1900 enn i 1897. Dei sentrale aktørane har sjølv peika på den kraftige opptrappinga av målstriden hausten 1899 som det avgjerande tildrivet. Bjørnstjerne Bjørnson heldt 23. oktober 1899 den illgjetne tala si i Gamle Logen i Oslo der han opna felttoget mot «maaltvangen», og i november vart Rigsmaalsforeningen skipa – ei hending som riksmålsrørsla reknar som sitt organisatoriske startpunkt. Bjørnson drog ut på føredragsturne, og målfolk mobiliserte det dei hadde av motkrefter med Arne Garborg i hovdingrolla som målideolog, polemikar, diktar og utfordrar til Bjørnson i allmenta. Den store målstriden hausten 1899 avløyste ein periode der det hadde vore relativt stille kring målsaka, ikkje minst i studentmiljøet. Wallem slår fast at «Maalsaken hadde været litet fremme i Samfundet i en række aar. ... Bare leilighetsvis dukker maalbegeistringen frem i 'Samfundsbladet', hvor et og andet digt paa maalet minder forsamlingen om, at der er 'maalstudenter' med».¹¹ Målstudentar hadde det vore ved universitetet sidan 1850-åra, mest levande skildra av Garborg i *Bondestudentar*. Men det var i 1900 dei var sterke nok til å organisera seg og hadde den naudsynte motivasjonen.

Bakgrunnen for felttoget til Bjørnson var den sterke framgangen til landsmålet i det siste tiåret før hundreårsskiftet. Utløysande var nettopp ei hending på universitetet. Marius Hægstad vart tilsett som den fyrste professoren i «Landsmaalet og dets Dialekter» hausten 1899 – eit professorat som det konservative universitetet fekk seg pådytta av det landsmålsvenlege venstrefleirtalet på Stortinget. I 1894 hadde målrørsla dessutan fått ei samlande riksavis i *Den 17de Mai*, redigert av Rasmus Steinsvik. Som stortingsrepresentant hadde Hægstad sytt for den fyrste lova i nynorsk språkdrakt i 1894, og i 1892 hadde det både vorte lov til å ta i bruk landsmålsalmane til Elias Blix i kyrkja og å gje elevane i folkeskulen opplæring på landsmål. Resultatet viste seg raskt – fram til hundreårsskiftet gjekk kring 250 skulekrinsar over til landsmål. Dermed var målreisinga

for alvor i gang på lokalplanet, og riksmålsfolket vart meir og meir skremde av landsmålsframgangen. Den 17. mai 1899 hadde dessutan tre kyrkjer i Telemark for fyrste gong gjennomført heile gudstenester på landsmål.

Framgangen for nynorsk som bruksmål og målsaka som rikspolitisk kampsak hang nært i hop med det som historikaren Kjell Haugland har kalla organisasjonsgjennombrotet til målrørsla.¹² Dette gjennombrotet kom i to fasar. Utetter 1890-åra vart den frilynde ungdomsrørsla organisert, og ho endra seg frå å vera ei laust organisert og ideologisk uklår rørsla til å bli ein reiskap for målsaka. Frå 1893 vart ungdomslaga samla i fylkeslag, og sentralt i samordningsarbeidet og den ideologiske opprustinga stod skipinga av landsamskipnaden Norigs Ungdomslag i 1896. Den neste fasen byrja med skipinga av Austmannalaget i januar 1899. Det kom til ei rad fylkeslag i dei to åra som følgde, og i 1901 var så godt som heile landet dekt, iallfall på papiret. Samstundes vart det skipa ei rad lokale mållag. Midt i denne organisasjonsbyggingsfasen fell skipinga av Studentmållaget naturleg inn.

Den politiske føresetnaden for landsmålsframgangen finn ein i den nære koplinga mellom norskdomsrørsla og det nye statsberande partiet Venstre. Banda mellom dei sentrale målmiljøa og den nasjonaldemokratiske alliansen som skulle bli Venstre, vart for alvor knytte i unionsstriden sist i 1860-åra. I 1884–85 var skiljet mellom Venstre og Høgre så godt som samanfallande med skiljet for–mot landsmålet, og dette la grunnen for stortingsvedtaket i 1885 om å jamstella landsmålet med riksmål som offisielt språk i kjølvatnet av maktovertakinga til Venstre. Då unionsstriden kvesste seg til frå 1895, stod mål- og norskdomsrørsla trygt plassert på den mest unionskritiske sida i Venstre med *Den 17de Mai* som meir eller mindre militant kamporgan. Ein fann òg sterke landsmålsmotstandarar i Venstre, som Bjørnson, men hovudbiletet er eit sterk samanfall mellom eliten i målrørsla og eliten i Venstre.

Universitetet og studentmiljøet kring 1900

Universitetet og studentmiljøet fekk merka den politiske kampen. Som stortingsmann for Venstre formulerte Marius Hægstad i 1893 den politiske kritikken av universitetet som bastion for høgresida: «Universitetet gaar ikke i Spidsen for Reisningen af vor Nationalitet og for vort Fremskridt.» Tvert imot leverte fakulteta «Vaaben mod vort Folks Opfatning af Frihed og Fremskridt».¹³ Striden mellom venstrefleirtalet på Stortinget og universitetet vart sær hard utetter 1890-åra og toppa seg då stortingsfleirtalet stogga løyvingane i 1894–95 slik at universitetet ikkje lenger var i stand til å driva. Ynsket om å tvinga fram endringar fekk Stortinget til å oppretta fleire professorat direkte.

Kampen om universitetet var ein kamp mellom ulike danningssidear, og den gamle klassiske og konservative danningstradisjonen kom under kraftig press frå 1860-åra. Obligatorisk eksamen i latin vart i 1869 avskaffa av Stortinget til store

protestar frå dei konservative, og empiristiske, positivistiske og nye språkleg-historiske vitskapsideal fekk forfeste og etter kvart gjennomslag på universitetet. Undervisning i moderne språk fekk plass jamsides latin, og striden om eit eige professorat i landsmål gjekk inn i denne konfliktlina, attåt den reinare målpolitiske. Alt i 1885 oppretta Stortinget etter initiativ frå Venstre-regjeringa og mykje strid eit eige professorat i norsk folkemål og norske folketradisjonar, og den unge Moltke Moe vart utnemnt. Etter fleire nye rundar vart professoratet delt i 1899 mellom Moe, som fekk eit professorat i folketradisjonar, og Hægstad som fekk professoratet i landsmål og dialektar.

Tilstanden vart etter kvart normalisert, og universitetet fekk att ei meir sjølvstendig stilling, men ut av kampen kom det eit fagleg og ideologisk fornya og meir oppe universitet. Den sosiale rekrutteringa vart breiare, både av studentar og lærarar. Universitetshistorikaren John Peter Collett skriv at «Universitetsstudiene fremstod som et instrument for ungdom fra brede lag av befolkningen til å komme frem og sikte mot en eliteposisjon i samfunnet.»¹⁴ Dette var òg ei dreining bort frå einast å driva utdanning av embetsmenn til òg å driva profesjonsutdanning for det sivile samfunnet, til dømes advokatar og økonomar.

Endringa i rekrutteringa til universitetet ser ein særleg frå 1870-åra. Medan berre 7,1 prosent av artianarane var bonde- eller fiskarsøner 1856–60, var talet dobla til 14,2 prosent 1876–80. Deretter kom det til å liggja om lag på denne prosenten dei neste 30–40 åra, men studenttalet auka kraftig – frå kring 800 i 1900 til 1500 i 1910.¹⁵ Det faktiske talet på bondestudentar og dermed det viktigaste rekrutteringsgrunnlaget for Studentmållaget, auka såleis heile denne perioden.

Lagsdrift og medlemer

Det er mest påfallande kor raskt Studentmållaget kom i fast gjenge og fann den forma og skipnaden det kom til å ha i fleire tiår. I lovene som vart kladda på hybelen til Tjensvoll og vedtekne på skipingsmøtet, kan ein faktisk lesa seg til korleis lagsdrifta kom til å bli. Grunnstrukturen i laget var robust og overlevde både lovendringar, store svingingar i medlemstal, aktivitet, målpolitiske og allmennpolitiske skifte og ulike strategiar i høve til andre delar av det organiserte studentlivet og til målrørsla elles. I den følgjande gjennomgangen av det indre livet i laget fram til om lag 1920 er det såleis denne kontinuiteten som ligg i botn.

Lagsmøta

Ryggmergen i laget var lagsmøtet. Lovene frå skipingsmøtet slo fast i § 2 at «Lage held møte minst fjortande kvar dag, jamnast med blad, fyredrag og ordskifte, stundom etter serskilt vedtak festar og almannamøte.» Det vart jamt halde 5–6 møte i halvåret, sjølv om det kunne vera nede i tre i skrinne semester og oppe

i ti i gode. Lagsmøtet var det faste sosiale treffpunktet og det øvste formelle styringsorganet i laget, og det vart halde etter ein fasttømra mal. Det fyrste lagsmøtet vart halde to veker etter skipingsmøtet, 14. november 1900, og det andre 28. november slik lova føreskreiv.

Føredraget var det sentrale innslaget på lagsmøtet, og det ser ut til å ha vore eit privilegium for formannen åleine i vel så stor grad som styret som eit kollektiv å setja opp programmet for semesteret. Talarane fall i to hovudkategoriar: framstående personar i norskdomsmiljøet i hovudstaden og medlemene sjølve, med ei overvekt av dei fyrste. I løpet av dei fyrste 20 åra var så godt som alle av dei mest sentrale målfolka i landet føredragshaldarar i Studentmållaget. Fleire av dei kom att gong etter gong, anten som talarar eller berre som møtedeltakarar. For åra 1900–1902 finn ein både Hans Ross, Arne Garborg, Oddmund Vik, Rasmus Løland, Johs. Belsheim, Kristofer Janson, Nikolaus Gjelsvik, Halvdan Koht, Moltke Moe og Rasmus Steinsvik på talarlista. Det heldt fram dei følgjande åra med ei imponerande rekkje vitskapsmenn, kunstnarar, stortingspresidentar og statsrådar. Lagsmøta var den institusjonen i laget som i sterkast grad knytte banda mellom den eldre og den unge generasjonen, eller i endå reinare ord: mellom dei som var måleliten og dei som skulle bli det.

Dei leiande medlemene i laget var opptekne av at lagsmøta skulle vera øvingsmark for lagsfolka sjølve, og medlemene vart stadig oppmoda om å delta med føredrag. Ein del våga seg òg utpå, og fleire medlemmer presenterte på denne måten emne som dei seinare skreiv artiklar eller hefte om.

Emna varierte mykje, men krinsa hovudsakleg kring aktuelle målpolitiske spørsmål, saker som laget var engasjert i og strategien til målrørsla. Det var ikkje uvanleg at emne som fyrst var tekne opp i laget ein eller fleire gonger, seinare resulterte i at det vart sett ned nemnder som arbeidde vidare med spørsmålet. Til dømes førde fleire møte om målføre og om nynorsk bokutgjeving dei to fyrste åra til at Målførenemnda og Skulebokenemnda vart sette ned i 1902. Lagsmøta hadde òg ein særskilt viktig funksjon som strategiforum for måleliten i hovudstaden, og nye saker og påfunn vart gjerne drøfta på eit tidleg tidspunkt i Studentmållaget.

Attåt dei målpolitiske sakene var det vanleg å ta opp vidare kulturelle, historiske og vitskaplege emne. Nokre døme frå dei to fyrste åra: «Maalreising ute i Europa» (H. Ross), «Norske ordtøke og deira verde for den heimlege kulturen» (I. Aartun), «Kristendom og naturvitskap» (O. Viig), Rasmus Løland om utanlandsferda si, «Sjælelivet hja Insekti» (E. Strand), «Krægda (morbilli)» (I. Handagard), «Ivar Aasen og ferderne hans kring i landet» (J. Belsheim) og «Folkediktingi i Setisdalen» (T. Hannaas). Ein del av bakgrunnen for å ta opp emne som biologi og medisin var ynsket om å utvikla fagspråk og terminologi innanfor faga, men viktigast var det nok at ein ville gjera laget til ein allmenndannande institusjon for studentane attåt det praktiske målarbeidet.

Ordskifta kunne vera både lange og varme, og referata melder jamt om målstudentar som rauk ut i verbale slagsmål, ikkje minst når det gjaldt lags sakene som brukte å koma til slutt på møtet. Men jamt over vart møta haldne i ein kameratsleg og etter notidas mælestav svært formell tone. Song og kulturinnslag var det mykje av. Medlemene skulle ha med seg Alvestads songbok til møta, og det var faste kunstnarlege innslag, anten diktlesing, opplesing, søgeforteljing eller musikalske innslag. Både medlemene sjølve og krefter utanfrå stod for kulturinnslaga, og etter at Det Norske Teatret vart skipa i 1912, vart skodespelarane der mykje brukte. Møtetradisjonen som laget bygde opp, kan best karakteriserast som ei blanding av standarden for lagsmøte i norsksdomsrørsla, og den borgarleg-akademiske samværsforma som var vanleg i studentmiljøet.

Møta vart den fyrste tida haldne i «Medicinske Selskab» der laget vart skipa, og då Bondeungdomslaget opna kaffistova si i Øvre Slottsgate 29 i september 1901, vart det halde ein del møte der. Elles vert det fortalt at laget dei fyrste tjue åra hadde møte både på St. Hanshaugen skole, i «Alliance Française», på Studentterhjemmet, i Studentersamfundet og i mange år i Kristelig Forbund i Universitetsgata 20.

Halvårsmøte og allmannamøte

Formelt fanst det ikkje årsmøte eller halvårsmøte i laget, og eit lagsmøte hadde mynde både til å velja tillitsfolk og endra lovene dersom krava til frammøte og kvalifisert fleirtal var stetta. Likevel fungerte det siste, eller somtid det fyrste, møtet i semesteret gjerne som eit halvårsmøte og vart av og til kalla det òg. I den nye lova som vart vedteken hausten 1907, kom det inn at vala skulle skje på det siste møtet i semesteret utan at det vart kalla 'halvårsmøte'. Seinare vart også tidspunktet for framlegging av halvårsmeldingar og rekneskap formelt regulert i lovene.

Den korte lagslova på åtte paragrafar som skipingsmøtet vedtok i 1900, vart avløyst av ei ny og meir detaljert lov hausten 1907. Neste gjennomgang av lagslova var i 1915, men no vart òg lova ståande til langt opp mot vår tid, med mindre justeringar ein hende gong.¹⁶ Styra skulle fram til våren 1915 ha tre medlemmer, deretter fem. Den sentrale oppgåva til styret var å laga program for lagsmøta og stå for den praktiske tilskipinga.

Alt den fyrste lova opna for at laget kunne halda allmannamøte, det vil seia opne møte der ein ikkje måtte vera medlem for å delta. Dei fyrste 20 åra vart det ikkje halde mange. Nikolai Lundegaard spurde «Kvar vert de elles av allmannamøte?» i *Heidrun* i oktober 1901,¹⁷ og ein må fram til 24. september 1903 for å finna det fyrste. Det var eit stort møte der Marius Hægstad og Anders Hovden innleidde til ordskifte om målreisinga frametter.¹⁸ Det neste vart halde i november 1905 då laget kalla inn til stormøte med Rasmus Steinsvik som innleiar for å drøfta strategien for målreisinga etter at unions- og republikksspørsmålet var

avklart. Dette møtet sette i gang prosessen som førde til at Noregs Mållag vart skipa i februar året etter. I mars 1909 vart det halde to allmannamøte med ei veker mellomrom. På det fyrste innleidde Olav Midttun om spørsmåla «Er riksmålet norsk? Vil målmennene tvinga fram eit vestlandsmål?», og på det andre Jørgen Løvland om samarbeid mellom bokmåls- og landsmålsfolket. Våren 1912 og våren 1914 følgde dei to neste, det siste òg med Jørgen Løvland som innleiar og med drøfting av tanken om fireårige landsgymnas.

Det vart altså ikkje halde mange allmannamøte, men dei fleste har til gjengjeld ein svært viktig posisjon i saga om dei sakene som var oppe. At det ikkje var fleire, lyt nok forklarast med at laget i denne perioden sette inn hovudvekta av kreftene på å driva praktisk målreisingsarbeid og på reine målpolitiske spørsmål, og at dei la mindre vekt på alliansebygging og på å vera eit ope og meir allmennpolitisk orientert forum i studentmiljøet. Det skulle koma til å endra seg mykje utover i 1920-åra.

Sosial samlingsstad

Attåt det praktiske og politiske målarbeidet vart Studentmållaget raskt eit viktig sosialt samlingspunkt for mål- og bondestudentar i hovudstaden. Her kunne ungdom som kom til byen, finna vener og likesinna, og mange av medlemene hadde det viktigaste nettverket sitt i Studentmållaget. «Her fekk eg ein flokk med gode kjenningar som seinare hev vore millom mine kjæraste vener og yrkesbrør», skreiv Sjur Bøyum i studentboka 25 år etter artium, gardbrukarsonen frå Fjærland som seinare vart landsgymnaslektor.¹⁹ Mange lagsfolk har seinare gjeve uttrykk for det same. Her skal ein nok både leggja vekt på 'vener' og 'yrkesbrør', og den sosiale sida skal ikkje overdrivast slik ein kan ha lett for å gjera med *Bondestudentar* av Garborg i bakhovudet. Målstudentane var jamt over ressurssterk ungdom som neppe hadde hatt store problem med å greia seg utan Studentmållaget. Her skil Studentmållaget seg noko frå Bondeungdomslaget, som dei fyrste åra nok i større grad hadde ei oppgåve som varmestove for bortkomen og heimlengtande bygdeungdom i byen.

Den sosiale sida høyrer likevel i høgste grad med. Viktigast var lagsmøta som var bygde opp for at dei òg skulle ha ein sosial funksjon gjennom kulturinnslag, eigne kulturaktivitetar og halv- og uformelle samkomer etter møta. Her var Studentmållaget som andre lag i mål- og ungdomslagsrørsla og andre studentforeiningar.

Det fyrste reine sosiale tiltaket vart planlagt og gjennomført raskt etter skipinga. Ein februarkveld i 1901 la sju glade målstudentar ut på skitur med og utan ski frå Holmenkollen til Peisestua der høgdepunktet var ei tale på gammalnorsk av Albert Andersen (Joleik). Kvelden baud elles på trønderskrøner, song, stevjing og mat, og det heile vart oppsummert muntert i *Heidrun*.²⁰ Seinare skipa laget òg til kvelds- og hytteturar no og då, som ski-, kjelke- og fotturen til Sognsvatnet

i april 1911 som det er størst grunn til å merka seg fordi det var Sigurd Hoel som skreiv opprit i møteboka – han var den gongen skrivar i Studentmållaget.

Den største freistnaden på å få denne aktiviteten inn i fastare former vart gjord i september 1912 då formannen, Jon Bakke, la fram planane om å leiga ei skihytte for vinteren. Laget hadde fått lovnad om å låna ein bygning på Ringnes i Skedsmo gratis.²¹ Det vart skipa eit hyttelag, men sist i semesteret vart det oppsummert at inkje hadde skjedd, og etter det høyrer me ikkje meir.²² Ideen om å skaffa ei hytte dukka opp att i februar 1919 etter at ei nemnd hadde greidd ut kva som skulle til for å få meir fart i laget, men framlegget vart aldri følgt opp. Studentmållaget kom såleis aldri til å skaffa seg ei eiga hytte slik mange andre studentforeningar og bygdelag i Oslo gjorde.

Då var det meir skikk på festane, som heile tida stod sentralt i lagslivet. Ein fast institusjon frå byrjinga var årsfesten som vart halden på eller tett opp til skipingsdatoen 31. oktober. Festnemnda vart gjerne peika ut på eit av dei fyrste lagsmøta på hausten, og det heile var godt førebudd. Det vanlege var to festar i året, og den andre faste festen var vårfesten. I tillegg var det gjerne ein fest til kvart semester, ofte for å markera eit jubileum eller heidra ein norskdomshovding. I april 1904 heldt laget til dømes Vinje-fest med tale av Halvdan Koht i ein fullsett sal i Studentersamfundet, i november 1905 var det republikkfest som avrunding på arbeidet fram mot folkerøystinga, og i april 1910 heldt laget stor avskiltsfest for Anders Hovden som skulle flytta frå byen.

Årsfesten i 1902 kan stå som eit døme på korleis det gjekk føre seg: Festen vart halden på Kaffistova i Øvre Slottsgate 29 som hadde opna året før og lenge var fast møte- og festlokale for laget. Her synte Hans Reynolds ljusbilete frå Færøyane, odelstingspresident Lars Liestøl fortalde soger frå Setesdalen slik han ofte gjorde, advokat Sam. Johnson fortalde trønderskrøner, og Karen Grude Koht tala om svensk folkedans. Jentene skulle ta med mat og møta i norsk bunad, og spelemannen Kleven spela til dans.²³

Det sosiale livet i laget kasta òg av seg ein ikkje liten litterær aktivitet. I *Heidrun* finn ein ei mengd dikt, songar og forteljingar som vart sunge eller framførde på møta og festane. På den nemnde skituren vinteren 1901 oppmoda Leiv Heggstad lagsmennene om å «sala ein Pegasus og dikta ein uppsong for lage vaart», og i februar 1901 kunne *Heidrun* by på to utkast – eitt av 'Ungmenne' (Anders Joleik), og eitt av 'Teis' (Nikolai Lundegaard). Lagsmøtet vedtok at songen til Joleik («Sprækje studentar! ættad frå gjæve...») skulle vera lagssong, og han vart raskt prenta opp slik at medlemene kunne lima han inn i songboka som dei skulle ha med til kvart lagsmøte. Fyrste verset skulle syngjast etter «Sønner av Norge», det andre etter «Havet er skjønt» og det tredje etter «Paal sine hønur».

Eit høgdepunkt i den litterære og kulturelle aktiviteten dei fyrste åra var spelstykket som vart sette opp på lagsmøte og festar. I *Heidrun* frå mars 1902 ser ein dei fyrste spora av at det vart tenkt på å setja opp spelstykke.²⁴ Det vesle

spelstykket «Draumsyn», eller rettare sketsjen, som stod i *Heidrun* i mai same året, ser ikkje ut til å ha vorte framført. Det var om lagslivet og røynelege lagsfolk i «rollene». ²⁵ Eit stykke som *vart* framført på vårfesten det semesteret, var «Fanten og kjerringa» av Severin Eskeland der Olaf B. Viig spela fanten og Johanne Dahl kjerringa. ²⁶ Større var likevel revyen som Nikolai Lundegaard hadde skrive til årsfesten i den store salen i Studentersamfundet i desember 1904. I lysinga på førehand hadde revyen tre titlar: «Laurdagskveld i Kaffistova», «Bristende forudsætninger» og «Maaltrollet og 'Aftenposten'», og til stor jubel baud han på godt med spott både over riksmålsfolket og målrørsla sjølv. ²⁷

Suksessen var òg stor i mai 1906 då laget sette opp «Når studentar er ute og ferdast», skriven av mellom anna J.Fr. Voss. Wexelsen hugsar attende på dette som «den største og minnerikaste teaterkvelden» i laget. Det mest spesielle ved dette høvet var at *Heidrun*-styraren Asbjørn Stensaker hadde vore til stades på prøvene og skrive ei melding som han las opp rett før stykket vart framført! Ikkje nok med at han refererte heile handlinga i meldinga – domen var òg knusande. Stykket var ikkje «noko sers framifrå og det kann ein heller ikkje segja um skodespelarane – det vil segja gutarne. Gjentorne – frk Voss og frk Dahl spelar sers godt.» Verst gjekk det ut over Didrik Arup Seip som måtte hoppa inn på stutt varsel på grunn av sjukdom – han «hev reint gjeve seg yver og segjer fram sine replikkar akkurat som ein skuleunge les katekisma». ²⁸ Til årsfesten i 1906 skreiv dei og sette opp stykket «Samlingsmenn eller den nye arbeidsdagen», og med det ser det ut til at den utøvande delen av teaterengasjementet sovna inn. Men laget spela seinare ei viktig og meir seriøs rolle då Det norske Teatret vart skipa.

Jubilea vart kraftig markerte. Femårsfesten 31. oktober 1905 vart naturleg nok mykje merkt av folkerøystinga om republikk eller monarki som skulle haldast to veker seinare, medan tiårsfesten vart ein storfelt demonstrasjon av den posisjonen laget hadde vunne. Mellom dei 140 gjestene i 'Det Medicinske Selskab' var statsminister Wollert Konow, dei tidlegare statsministrane Otto Blehr og Jørgen Løvland, odelstingspresident Lars Liestøl og målhovdingar som Arne Garborg, Marius Hægstad, Peter Hognestad og Steinar Schjøtt. Borgarmeister i Kristiania, Hagbard Emanuel Berner, heldt festtala, og Anders Hovden hadde skrive song. Dei avlidne medlemene Birger Martinussen og Nikolai Lundegaard vart minna. ²⁹

Brytning mellom to kulturar

I oppsummeringa av tiårsfesten kom også ei anna side ved Studentmållet til syne då dansen vart kommentert: «diverre ikkje ein einaste norsk dans, – det gjekk meir i Enkevals-stil; men laget er so gildt og norskt elles, at det orsakar ein meir enn gjerne.» ³⁰

Den kulturelle spenninga i laget går att frå tilstelling til tilstelling dei fyrste tiåra. På festen i 1903 drakk festlyden øl av same bollen attåt rømmegrauten.

Det vart for mykje for somme, og festen gjev ein god illustrasjon på det spennet Studentmållaget stod i mellom tradisjonell bygdekultur og urban studentkultur. Det fekk vera måte på å vera nasjonal, meinte forfattaren av «Nokre ølbolle-tankar» i *Heidrun*, og det gjorde ikkje saka betre at festnemnda hadde servert bayerøl i staden for heimebrygg frå bollane: «Eg er samd med festnemndi i at me skal vera so nasjonale som mogelegt. Men lat os ikkje gaa so vidt, at det vert til laatteløgje og (lat meg bruka det fæle ordet) – chauvinisme. ... Det er ikkje sikkert at det, som gjeng an upp i ei fjellbygd, sømer seg i ein stor by. ... Me tek det nasjonale me hev bruk for og kan bruka, ikkje meir.»³¹

Etter vårfesten i 1906 vart festkulturen kritisert på nytt, denne gongen av den gamle travaren Fredrik Wexelsen. Han tykte det var eit problem at festane ikkje var nasjonale nok, og særleg at det gjekk føre seg eit uheldig kulturelt samrøre:

Det er diplomat og nationalbunad og aalmannsbunad og felespel og pianospel og norsk dans og rixmaalsdans um ein annan. Der sit ein og spelar springdans paa hardingfele i – diplomat. Her dansar ein kar i diplomat me ei nationalklædd dros. ... Hardingfele og rundtrøia og dei norske dansane er ei verd for seg, der ikkje noko framandt maa koma inn og likeeins er det med pianoet og diplomaten og desse riksmaaldansarne – polka, mazurka og kva dei no heiter alle.³²

Det var likevel ikkje synet til Wexelsen som fekk dominera. Ramma kring aktiviteten var heilt klårt den borgarleg-akademiske studentkulturen, og innslaga av norsk folke- og bygdekultur skulle ikkje sprengja desse rammene. Ein raud tråd i den kulturelle aktiviteten til laget var tvert om å bryta ned denne kulturkløfta og vera med på å skapa ein fullnorsk urban og borgarleg kultur.

Eit anna uttrykk for dette var alkoholpolitikken i laget. Mange lag i norskdomsrørsla var erklærte fråhaldslag, men det galdt ikkje Studentmållaget der det gjerne vart drukke godt på festar og samkome. Det vekte såleis stor misnøye då styret hadde lagt ein lagsfest i mars 1912 til fråhaldslokalet i Møllergata 20. Mange av medlemene gav klårt uttrykk for at dei slett ikkje ynskte tørrlagde akademiske festar.³³ Fråhaldssaka hadde vore oppe i laget til drøfting i mars 1911 med eit føredrag av Rasmus Steinsvik om «Fraahaldssaki av ein ikkje fraahaldsmann», rett nok utan dei store bølgiene. Friskare vart det då filologistudenten Karl Hatteland på eit lagsmøte i november 1912 hadde fått taletid for å svara på spørsmålet «Fyller Studentmållaget oppgåva si?» Det gjorde laget slett ikkje, meinte Hatteland. Laget stod ikkje i kontakt med målfolket, det var uidealt og materialistisk, det var ei skam at ikkje alle lagsmennene tala norsk støtt, og det nytta rusdrykk på samkomene sine. Møteboka melder om eit langt og varmt ordskifte der mest alle deltok.³⁴ Det er mogleg at årsfesten tidlegare på hausten var noko av bakgrunnen for at saka kom opp, for der hadde nokre festdeltakarar skjemt seg slik ut at Fredrik Wexelsen reiste ein interpellasjon på det same lagsmøtet og fekk dei svartelista.

Saka vart sett på spissen av Hatteland semesteret etter då festnemnd for vår-festen skulle setjast ned. Han ville ha ein fest utan rusdrykk, men møtte kraftig motbør frå Eik-Nes, Gjerløw og særleg cand.mag. Wexelsen som tala kraftigt imot «avhaldsfestar» – det maatte vera «full fridom». ³⁵ På same møtet banna studenten Aamlid like mykje i kyrkja då han meinte at festen burde opnast for fleire enn akademikarar. Dei andre som hadde ordet, ville at studentane framleis skulle vera for seg sjølve. Men fråhaldsfolket gav seg ikkje og kom attende våren etter, då studenten Sverre Hoem heldt føredrag om fråhaldssaka på eit lagsmøte. Han gjekk inn for totalforbodslina, og teologistudenten Tobiassen omsette dette i praksis for Studentmållaget ved å koma med framlegg om at «Rusdrykk skal vera bannlyst paa møte og festar i Studentmaallaget.» Møteboka melder vidare at «Ordsiftet arta seg etter kvart slik at formannen til slutt maatte bruka klubba fleire gonger. Serleg var det daa stud.filol. Kolltveit tala um korleis aanda er og burde vera i Studentmaallaget, at det kunde vera noko aa merka ved tonen.» ³⁶ Eit alkoholforbod som ville vore sjølv sagt i andre lag i norskdomsrørsla, fekk ikkje gjennomslag i Studentmållaget.

Medlemer og målstudentar

Lova som vart vedteken på skipingsmøtet, slo fast at «Lagsmann kan kvar akademisk borgar verta» (§ 3). Den nye lova frå 1907 tok vare på formuleringa, medan 1915-lova sa at «Lagsmann kann kvar student verta.» Denne paragrafen skulle det bli kvass strid om i 1920-åra. Dei fyrste åra var det noko diskusjon om gymnasiastar skulle få tilgjenge til laget, og alt før 1907 fekk dei tilgjenge som gjester utan røysterett mot å betala 1 krone halvåret – halvparten av vanlege medlemer. Dette var det brei semje om, men det vart mindre aktuelt etter at Gymnasiastmållaget vart skipa i Oslo våren 1911 med Wollert Keilhau som fyrste formann. ³⁷

Det fyrste semesteret melde 22 studentar seg inn i laget, og fram til 1913 heldt medlemstalet seg jamt mellom 20 og 30 medlemer, eitt semester (hausten 1904) nede i 14 og fram mot 1913 over 40. I snitt hadde laget 32 semesterbetalande medlemer 1900–13. Det var såleis ingen stor lagsflokk dei fyrste åra, men som me skal sjå, var han di meir effektiv og mektig.


Ellen Rodvang har i hovudoppgåva si gjort ein grundig analyse av dei 214 målstudentane ho har greidd å identifisera i perioden 1900–1910. Dette femner både om dei som var medlemer i Studentmållaget (160 studentar) og dei som ikkje er funne att i medlemslistene, men skreiv presentasjonen av seg sjølv på landsmål i studentbøkene som kom ut 25 år etter at dei tok artium. ³⁸

Geografisk ser ein at vestlendingane dominerer klårt, men òg at alle delar av landet var representerte. På fylkesnivå var Vestfold dårlegast representert med 1 student, Østfold med 4 og Finnmark, Troms og Buskerud med 5 kvar. Til saman kom knapt ein femdel av studentane frå byar, så ei klår overvekt av målstudentane hadde bygdebakgrunn. At det relativt sett kom færre byungdomar frå

Vestlandet enn resten av landet er ikkje så overraskande med tanke på at der er få byar i landsdelen og at nynorsken alt hadde byrja å slå ei viss rot i bygdene der.

Rodvang har òg analysert den sosiale bakgrunnen til målstudentane og dokumentert at fedrane til over halvparten av målstudentane var gardbrukarar, med eller utan andre yrke ved sida av. Den andre store gruppa er lærarane, og til saman hadde 67 prosent av studentane fedrar som var gardbrukarar eller lærarar, eller bådø delar. Ti prosent var embetsmannssønø, og resten fordøler seg jamt på andre yrkesgrupper.

Jamføøer ein med den sosiale bakgrunnen til den totale studentmassen, kjø klåre skilnader til syne. I perioden 1896–1900 hadde 15,5 prosent av studentane fedrar med fiskar- eller jordbruksbakgrunn, og for åra 1911–1915 ør talet 12,5 prosent. «Bondestudentane» utgjøørøe såleis ein heller konstant del av studentmassen i denne perioden, men ein må ta med i reknøestykket at det samla talet på studentar ved universitetet auka frå kring 800 i 1900 til 1500 i 1910.³⁹ Det sentrale i vår samanhøeng ør likevel at den sosiale profilen på medlemsmassen til Studentmålloget skilde seg tydeleg frå gjennømsnittet av studentane, og at det ør statistisk grunnlag for å hevda at Studentmålloget var øit lag for bondestudentar, sjølv om det òg må strekast under at laget rekrutterte bådø frå byane og frå andre sosiale lag. Så den som måtte ha øi føøøestilling om at målstudentane berre hadde bondebakgrunn finn heller ikkje støtøte i tala.



Geografisk fordeling av målstudentane 1900–1910. Rogaland ør lagt til Vestlandet og Telemark til Sørlandet. (Kjølde: Rodvang 1999, s. 100.)

Rodvang presiserer at ein ikkje kan lesa ut av tilfanget kva delar av bondestanden bondesønene kom frå. Men det er knapt for dristig å slutta seg til at bondestudentane jamt over kom frå det kulturelle og politiske leiarsjiktet i bygdene, og det gjeld tvillaust lærarsønene. I fleire forskingsarbeid dei seinare åra har det vorte fokusert mykje på den sentrale rolla som lærarane hadde i nasjonsbygginga, målreisinga og det politiske livet allment på bygdene frå 1870-åra og utetter, mellom anna av Rune Slagstad, Kjell Haugland og ikkje minst av Reidun Høydal som har utnemnt læraren til «periferiens nasjonsbyggjar». Jostein Nerbøvik har råkande oppsummert det slik:⁴⁰

Med den nye fastskulen vart læraren herre i eige hus; ubunden av prestens autoritet og dominans, ja, faktisk frå nærgåande og nasevis innsyn frå bondesamfunnet sjølv. Og frå skulestova erobra han stadig nye skansar; i foreininga, i kommunen, i fylkestinget, i Stortinget, ja beint inn i sjølve riksstyret.

Me kan trygt leggja til at for ein god slump av dei gjekk vegen innom Studentmållaget.

Den vanlege utdanningsvegen for ungdom med bygdebakgrunn var folkehøgskule og lærarskule. Tala til Rodvang syner at overraskande få av målstudentane hadde folkehøgskulebakgrunn – berre om lag 10 prosent, medan heile 26 prosent av studentane hadde ein lærarskuleeksamen i baklomma før dei byrja på universitetet.

Ser ein på dei gymnasa som målstudentane kom frå, hadde kring halvparten av studentane artium frå Kristiania – naturleg nok sidan det var her dei fleste gymnasa låg. Tre skular skil seg markert ut: Hambros skole i Bergen, og Ragna Nielsens skole og Hauges Minde i hovudstaden. Dei to fyrste var kjende som venstreskular, medan Hauges Minde var ein religiøs skule som trekte til seg mykje ungdom frå bygdene.⁴¹

I studievalet skilde målstudentane seg òg frå gjennomsnittet av studentane, og det var filologane som dominerte. Medan berre 7–15 prosent av studentane gjekk på filologi 1900–10, finn ein heile 33 prosent av målstudentane her. Det andre sterke målstudentfaget var teologi, der 19 prosent av målstudentane gjekk medan teologien trekte til seg 8–12 prosent av den samla studentmassen. Her finn ein nok ein del av forklaringa på kvifor landsmålet raskt fekk eit så sterkt fotfeste som kyrkjemål. Innanfor realfag ligg målstudentane på snittet (11 prosent) medan målstudentane var noko underrepresenterte på det største faget, jus, og kraftig underrepresenterte på medisin, som var det nest største faget ved universitetet. Sjølv om desse tala tek utgangspunkt i alle nynorskbrukande studentar, er det inkje som tyder på at fordelinga i medlemsflokkene er annleis.

Medlemspengane var dei viktigaste inntektene til den vanlege lagsdrifta, og det var heller ikkje snakk om noka stor omsetning – utgiftene galdt stort sett lysingar for møta, leige av møtelokale og i nokre tilfelle godtgjersle til